



*Etne kommune har ca. 4 100 innbyggjarar, med gode levekår for både unge og eldre og full barnehagedekning. Kommunen har arbeidsplassar innanfor landbruk, mekanisk industri, varehandel, service og ulike andre tenesteytande næringer. Her er vakker natur, og kulturtilbodet er godt og variert, som gjev flotte tilhøve for sport og friluftsliv. Administrasjonen er organisert etter to-nivåmodellen, med 10 resultateneingar i tillegg til stabs-, støtte- og rådgjevarfunksjonar. Kommunen har ca. 310 årsverk/420 tilsette. Tenestemålet er nynorsk.*

## Rådmann

**Etne kommune søker** ein toppleiar med høgare utdanning, brei leiarerfaring og god kjennskap til kommunal verksemd. Me treng ein tydeleg, strategisk og utviklingsorientert leiar som gjennom inkluderande prosesser vil utvikle kommunen sin organisasjon, lokalsamfunn og tenestetilbod til innbyggjarar og næringsliv.

### Ditt oppdrag som vår nye rådmann vil vera:

- Skapa ein sunn og berekraftig kommuneøkonomi gjennom god styring, tett resultatoppfølging, budsjett disiplin og effektiv drift
- Vidareutvikle strategisk leing og heilskapleg styring i kommunen
- Samla organisasjonen om felles mål og utfordringar under ein krevjande omstillingsprosess
- Organisasjonsutvikling med fokus på kultur, kompetansedeling og tydelege strukturar og arbeidsprosessar
- Vidareutvikle leiarskap basert på ein inkluderande og involverande leiarstil, og gode prosesser for innovasjon og endring
- Implementera ein arbeidsgjevarstrategi og personalpolitikk med vekt på langsiktig rekruttering og kompetansebygging
- Utvikla samspel og rolleforståing mellom politiske organ, administrativ leing og tilsette
- Samla kommunen og styrke omdømme som ein attraktiv kommune for næringsutvikling, busetting og turisme

### Kommunen ser etter ein rådmann som:

- er samlande og skapar oppslutning om omstilling
- er tydeleg og handlekraftig med evne til gjennomføring
- ser nye moglegheiter og set i verk utviklingsprosessar
- har gode kommunikasjonsferdigheter og byggjar relasjonar
- meistar dialog og samspel mellom politikk og administrasjon
- har kompetanse innan organisasjon, økonomi og endringsleing
- har solid og relevant høgare utdanning eller tilsvarende realkompetanse i kombinasjon med brei og allsidig leiarerfaring frå offentleg og/eller privat næringsliv

**Vekkjer dette interesse?** Ta gjerne kontakt med kommunen sin rådgjevar Ivar Aslaksrud frå UtviklingsPartner AS, tlf. 930 30 194, eller ordfører Sigve Sørheim tlf. 415 61 555.

Forespurnadar om stillinga vert handsama konfidensielt, om ønskeleg også overfor vår oppdragsgjevar fram til søknadsfrist. Lønn, tilsettingsform og andre vilkår etter avtale. Det vert utarbeida ein eigen leiaravtale. Vil du vita meir – besøk vår heimeside [www.etne.kommune.no](http://www.etne.kommune.no). Her vil du finna brei informasjon om kommunen sin organisasjon, det kommunale styringssystemet og tenestetilbodet til befolkninga. Du kan også lese om prioriterte satsingsområder for kommunen og budsjett, strategiar og planar for framtidig utvikling.

Kortfatta søknad vedlagt CV merka «Rådmann Etne» sendast som e-post til [utviklingspartner@upk.no](mailto:utviklingspartner@upk.no) **snarast og seinast innan 10. august 2015**. Vitnemål og referansar må takast med til intervju. Me gjer merksam på at det vil bli utarbeida ei offentleg søkjarliste etter at søknadsfristen er ute. Søkjarar som likevel ynskjer at søknaden vert handsama konfidensielt, må opplyse om dette og grunngje det særskilt i søknaden. I tilfelle me ikkje finn tilstrekkeleg grunngjeving for å bli unnateke offentlegheit, vil me ta kontakt tilbake, slik at søkjarar kan velje mellom å trekke søknaden eller stå fram med namn.